



Arkivnr: 2015/2548-1
Saksbehandlar: Charlotte Espeland

Saksframlegg

Saksgang

Utvål	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		19.03.2015

Kunst- og kulturformidlingsprogram i skulen hausten 2015 og våren 2016

Samandrag

Hordaland fylkeskommune har ei viktig oppgåve i å formidle kunst- og kulturuttrykk av beste kvalitet til elevar i grunnskulen og den vidaregåande opplæringa. Gjennom kunst- og kulturformidlinga får elevar i heile fylket møte regionale, nasjonale og internasjonale utøvarar innan eit mangfald av kunstnarlege og kulturelle uttrykk.

Målsettinga er at alle elevar i Hordaland skal ha det same høvet til å oppleve kunst og kultur i skulekvardagen. Fellesskap kring møtet med kunstnarar og formidlarar kan gje store opplevingar og danne grunnlag for livslange interesser.

Hordaland fylkeskommune legg fagleg og praktisk vurdering til grunn for samansettinga av kunst- og kulturtilbodet i skulen. Frå skuleåret 2015-2016 er det etablert faggrupper innan alle uttrykk i programmet, og eit overordna fagleg råd der også Høyskolen i Bergen, Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune, ein lærar og ein elev er med.

For skuleåret 2015-2016 kom det forslag om 208 produksjonar, 45 av desse er foreslått tekne inn i programmet. Alle sjanger skal vera med, og vi ønskjer over tid variasjon innan kvart uttrykk, forskjellige visnings-/ spelearenaer og formidlingsmåtar.

I tillegg omfattar programmet ein produksjon frå Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design, og ein nyskirkusproduksjon som er vald med bakgrunn i samarbeidsavtale med venskapsregionen Nedre Normandie i Frankrike.

Programmet omfattar også musikkproduksjonar som er produserte eller utvalde av musikkprodusentane i Hordaland fylkeskommune. På grunn av reduksjon av talet på skulekonsertar i Bergen i 2015, og uavklart situasjon når det gjeld talet skulekonsertar i Bergen våren 2016, er det i lista over produksjonar for komande skuleår berre ført opp 11 musikkproduksjonar til grunnskulen for hausten 2015. Av desse er to nyproduksjonar, og resten frå 2014 og tidlegare år.

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet sluttar seg til val av innhald i og opplegg for kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen for hausten 2014 og våren 2015, slik det kjem fram av saka og vedlagte liste over produksjonar.
2. Omfang av skulekonsertar i Bergen kommune våren 2016 vert å kome attende til etter avklaring med Rikskonsertane.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 03.03.2015

Innleiing

Hordaland fylkeskommune er ein stor arbeidsgjevar for utøvarar gjennom kunst- og kulturformidlinga i skulen. Elevar i grunnskulen og vidaregåande opplæring får kvart år oppleve heile breidda av uttrykk; frå scenekunst, visuell kunst, litteratur og musikk, til film og kulturarv. Tilboda har høg kvalitet, og vert formidla på skulen eller i kulturbygg rundt i fylket. Også bokbåten Epos er arena for formidling av kunst- og kulturproduksjonar til skuleelevar.

Hovudmålsettinga med Hordaland fylkeskommune sitt kunst- og kulturformidlingsprogram i skulane er at alle elevar skal få høve til å oppleve kunst og kultur av høg kvalitet, med håp om at dei etablerer og vidareutviklar eit aktivt og positivt tilhøve til kunst og kultur.

Kunst- og kulturformidlinga i skulane er basert på spelemidlar til Den kulturelle skulesekken (DKS) og samarbeidsavtale med Rikskonsertane, i tillegg til fylkeskommunale midlar.

Årleg tildeling av spelemidlar til DKS er grunnlaget for storparten av formidlingsprogrammet. Gjennom statlege føringar og fylkeskommunalt vedtak vert om lag halvparten av midlane fordelt på kommunane i Hordaland, der dei vert nytta til lokale formidlingsprogram. Hordaland fylkeskommune sin del av midlane går til turnering i/for grunnskular utanom Bergen, og vidaregåande skular i heile fylket.

Skulekonsertordninga er finansiert over Kulturdepartementet sitt budsjett, og vert forvalta av Rikskonsertane. Ordninga er landsdekkande, og vert gjennomført i eit produksjonssamarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Rikskonsertane. I følgje samarbeidsavtalen med Rikskonsertane skal programmeringa av musikk ta omsyn til programhistorikk, sjangermangfald og variasjon over en tiårig skulegang i grunnskulen. For å sikre fornying i ordninga skal det produserast 3 nye produksjonar kvart år.

Samansetting av program

Utøvarar, institusjonar etc. som ønskjer å kome med i Hordaland fylkeskommune sitt program i skulen må sende inn forslag innan 1. oktober. Forslaga blir vurderte for påfølgjande skuleår. I tillegg til produksjonar som er foreslått inn i programmet, arbeidar musikkprodusentane oppsøkjande for å fylle programmet med dei sjangrane det er trong for innan musikk til grunnskulen.

Alle sjanger skal vera med i programmet. Vi ønskjer også over tid variasjon innan kvart uttrykk, forskjellige visnings-/ spelearenaer og formidlingsmåtar. Det vil sei at til dømes innan musikk skal vi ha rock, jazz, folkemusikk etc. Visningsarena skal vera både skule og kulturbygg, og formidlingsmåte skal variere frå rein oppleving til verkstad/ medverknad.

Hordaland fylkeskommune legg fagleg og praktisk vurdering til grunn for samansettinga av kunst- og kulturtilbodet i skulen. Frå skuleåret 2015-2016 er det etablert faggrupper innan alle uttrykk i programmet, og eit overordna fagleg råd der også Høyskolen i Bergen, Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune, ein lærar og ein elev er med.

Prosess for skuleåret 2015-2016

For skuleåret 2015-2016 kom det forslag om 208 produksjonar, 45 av desse er foreslått tekne inn i programmet. Alle er vurderte av faggrupper, og faggruppene sine innstillingar er handsama av det faglege rådet. Med bakgrunn i innstilling frå fagleg råd, har Fylkesrådmannen foreslått produksjonar som ligg føre, med omsyn til variasjon innan kvart uttrykk, forskjellige visnings-/ spelearenaer og formidlingsmåtar, og økonomi.

Produksjonane er valt under føresetnad av at Hordaland fylkeskommune og utøvar/ institusjon etc. blir samde om mellom anna omfang og økonomi. Utøvarar/ grupper innan musikk til grunnskulen blir inviterte til uforpliktande samtale med produsentane, der vidare prosess vert diskutert.

I tillegg omfattar programmet ein produksjon frå Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design som er vald med bakgrunn i intensjonsavtale med museet, og ein nyskirkusproduksjon som er vald med bakgrunn i samarbeidsavtale med venskapsregionen Nedre Normandie i Frankrike.

Programmet omfattar også musikkproduksjonar som er produserte eller utvalde av musikkprodusentane i Hordaland fylkeskommune. På grunn av reduksjon av talet på skulekonsertar i Bergen i 2015, og uavklart situasjon når det gjeld talet skulekonsertar i Bergen våren 2016, er det i lista over produksjonar for komande skuleår berre ført opp 11 musikkproduksjonar til grunnskulen for hausten 2015. Av desse er to nyproduksjonar, og resten frå 2014 og tidlegare år. Omfang av skulekonsertar i Bergen kommune våren 2016 vert å kome attende til etter avklaring med Rikskonsertane.

Dersom ein produksjon er oppteken på anna hald på det tidspunktet som er aktuelt, vil ein på ny vurdere aktuelle produksjonar, med omsyn til innstilling frå fagleg råd. Det same er tilfelle dersom utøvarane ikkje kan turnere i det omfanget det er trong for, eller andre uventa forhold skulle inntreffe.

Kultur- og ressursutvalet gjorde 21. august 2012 vedtak om å legge «Rammeavtale om oppdrag for DKS» til grunn for arbeidet med formidling av kunst- og kultur til skulane i fylket. Dette betyr mellom anna at utøvarane vert lønna/ får honorar etter satsane som kjem fram av avtalen. Med bakgrunn i samarbeidsavtalen mellom Hordaland fylkeskommune og Rikskonsertane får utøvarar som medverkar i musikkproduksjonar til grunnskulen løn/honorar med etter overeinskomst for løn og arbeidsvilkår for korttidsengasjerte utøvarar framforhandla av *Musikernes Fellesorganisasjon* (MFO) og *Norske Dansekunstnere* (NoDa).